



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Egil Hauge, 5557 2350
Christian Johan Alstad (KSA), 5557 2112

Vår dato
12.01.2015
Dykkar dato
03.09.2014

Vår referanse
2013/5058 421.3
Dykkar referanse
13/510

Voss kommune
Postboks 145
5701 Voss

Samordna uttale – statlege motsegner: Offentleg ettersyn - Voss - rullering av kommuneplan 2015-2026

Vi viser til brev av 3.9.2014, der kommuneplanen sin arealdel er lagt ut til offentlig ettersyn. Vi viser òg til Forsøk med samordning av statlege motsegner i arealplansaker (samordningsprosjektet), jamfør brev av 22.6.2013 og til avtale om utsett svarfrist til 12.1.2015.

Bakgrunn

Voss Formannskap/plan- og økonomiutval har lagt ut kommuneplan (samfunnsdel og arealdel) for Voss 2015-2026 til offentlig ettersyn. Utvida høyringsfrist er sett til 12.12.2014. Både samfunnsdelen og arealdelen vert rullert.

I planprogrammet var det trekt fram følgjande fokusområde i denne rulleringa av arealdelen:

- Framtidig bustadbygging i sentrumsområdet.
- Område eigna for råstoffutvinning.
- Gjennomgang av eksisterande areal for bustad og fritidsbustader for å vurdere om areala framleis er aktuelle og skal liggje i kommuneplanen.

Aktuelle motsegnspunkt – forankring og grunngeving

Etter Fylkesmannen sitt syn har Voss kommune gjort ein omfattande revisjon av kommuneplanen sidan førre høyringsrunde, sett i høve til måla i planprogrammet.

Fylkesmannen har motteke høyringsuttale frå relevante statsetatar. På ein del punkt er det i desse uttalane peika på vesentleg motstrid til statlege interesser i planlegginga frå statlege sektorstyresmakter. Konkret har Forsvarsbygg (FB), Statens vegvesen (SVV) og Fylkesmannen levert uttale der det er peika på tilhøve ved planforslaget som utløyser motsegn, jf. plan og bygningslova (pbl) § 5-4.

Hovudinnhaldet i dei einskilde styresmaktene sine motsegnspunkt går fram nedanfor. Elles viser vi til dei einskilde uttalebrev fra styresmaktene. Desse er lagt ved.

Om samordningsprosessen – saksgang

Føremålet med forsøket med samordning av statlege motsegner til kommunale planar går fram av brev av 3.9.2013 frå Miljøverndepartementet. Målet er å få til ei meir effektiv og målretta handsaming av plansaker og eit betre samarbeid mellom kommunane og statlege styresmakter. Det er også eit mål at forsøket vil medverke til å styrke kvaliteten på dei kommunale arealplanane og gjere dei lettare å gjennomføre.

Dei statlige fagorgana sender i forsøksperioden sine uttaler, med motsegn, til Fylkesmannen. Fylkesmannen samordnar høringsuttalane i samråd med høyringsinstansane og får dermed ei utvida rolle. Fylkesmannen skal vurdere motsegner og merknader som er komne inn og gje ei samla uttale til kommunen, der det vert teke stilling til kva motsegner som skal fremjast.

Fylkesmannen kan her avskjere ei motsegn, slik at denne ikkje blir fremja for kommunen, men då etter dialog med vedkomande styresmakt. Fylkesmannen skal elles i vurderinga si alltid ha fokus på motsegna sitt juridiske grunnlag (forankring, tidsfrist), samt på kva for viktige nasjonale / regionale omsyn som vert råka av planforslaget. I denne vurderinga må det òg leggjast vekt på det kommunale sjølvstyret.

Fylkesmennene kan i prosjektperioden sjølve finne praktiske løysingar for samordna uttale. I Hordaland har dette blitt løyst ved at det, innan utgangen av høyringsfristen, vert halde eit samordningsmøte mellom aktuelle statlege styresmakter og Fylkesmannen, der innhald i motsegnspunkta og forankringa av desse vert diskuterte. Deretter vert kommunen invitert til eit dialogmøte. Møtet er valfritt, men dersom kommunen ønskjer denne utvida dialogen, vert det sendt ut ein samordna uttale i etterkant. Av denne uttalen vil det gå fram kva for motsegner som faktisk blir fremja, eventuelt avskorne eller vert rekna som uaktuelle, etter at ein utvida dialog med kommunen som planstyresmakt er gjennomført.

Samordningsmøte

I denne saka er innkomne motsegnspunkt gjennomgått og drøfta i felles møte (samordningsmøte) 22.12.14. med dei aktuelle statsetatane. Fylkesmannen har ikkje merknader til juridisk grunnlag og forankring i nasjonale eller viktige regionale interesser.

Dialogmøte med kommunen

I tråd med rutine for samordningsforsøket, er Voss kommune invitert til og har ønska eit dialogmøte om motsegnspunkta. Møtet vart halde den 22.12.2014 i Statens hus.

Til stades

Frå Voss kommune:

- Hans Erik Ringkjøb, ordførar.
- Einar Hauge, rådmann.
- Gunnar Bergo, plan- og miljøsjef
-

Frå Forsvarsbygg

- Cato Dørmænen, senioringeniør - arealplanleggar, FB-Utleie.
- Cato Johansen, seniorrådgiver, Avd. Eiendom.

Frå SVV

- Carl Erik Nielsen, seksjonssjef.
- Per Steinar Nedkvitne, seniorarkitekt

Frå Fylkesmannen

- Lars Sponheim, fylkesmann.
- Rune Fjeld, assisterande fylkesmann.
- Egil Hauge, prosjektleiar - stab.
- Arve Meidell, seksjonssjef – KSA, plan og beredskap.
- Christian Johan Alstad, seniorrådgjevar – KSA.

Lars Sponheim ønska deltakarane velkomne og orienterte om forsøksordninga med samordning av statlege motsegner i arealplansaker og dialogmøtet sin funksjon i planprosessen. Ordførar Hans Erik Ringkjøb takka for invitasjonen. Kommunen er positiv til denne arbeidsmåten.

Resultatet av drøftingane er summert opp punktvis nedanfor. Vi viser elles til oppsummeringa sist i brevet. Konkret vart følgjande punkt drøfta:

Aktuelle motsegnspunkt frå Forsvarsbygg (FB)

Dei ulike punkta er utdjupa i FB sitt brev av 12.12.14.

- *Mogeleg konflikt mot vist omsynssone OM560*

Konklusjon: Forsvarsbygg opplyste at ein har vurdert saka på nytt etter at uttalen vart send og har kome fram til at motsegna ikkje blir fremja.

- *Tvildemoen – B11 og N27*

Forsvarsbygg orienterte om bakgrunnen for motsegna og saka vart drøfta. Forsvarsbygg ser ikkje at ein kan trekkje motsegna på dette punktet.

Konklusjon: Kommunen tok dette til etterretning, men oppmoda FB om å kome attende med ei meir utfyllande grunngjeving av standpunktet på eit seinare tidspunkt. Motsegna vert ikkje avskoren.

Aktuelle motsegnspunkt frå Statens vegvesen (SVV)

Det vart innleiingsvis vist til SVV sin uttale av 3.12.14, der det er gjeve uttale til samfunnsdelen og elles gitt nokre generelle merknader til arealdelen sine føresegnar og retningslinjer, samt utførlege planfaglege merknader til føreslegen arealbruk. Dei konkrete motsegnene til føreslegen arealbruk vart etter dette gjennomgått punktvis og drøfta:

- *Føreslegen arealbruk – områda FT1, FT2 og FT7. SVV peika på at alle desse områda potensielt kan koma i konflikt med framføring av ny- / utbetring av eksisterande E16 mellom Sleen og Åsbrekke. FT7/ er i tillegg utsett for støy. Krav om at dei vert tekne ut av planen.*

Konklusjon: Det vart diskutert som ei mogleg løysing om motsegna kan imøtekomast ved ei tydelegare føresegn om rekkjefølgje, knytt opp mot ferdig godkjend reguleringsplan for vegutbygginga. Kommunen uttrykte forståing for bakgrunnen for motsegna og vil vurdere dette i det vidare arbeidet med planen. Motsegna vert ikkje avskoren.

- *Område B58 – Ringheim 2. Området er fremja i strid med reguleringsplan for ny tilkomstveg til Bavallen. Området ligg tett innpå tunnelmunning, meir eller mindre omkransa av vegar med stor trafikk. Store utfordringar m.tp. støy, støv og avgassar frå tunnel. SVV krev at området går ut.*

Konklusjon: Kommunen uttrykte forståing for motsegna og vil arbeide vidare med tanke på å ta ut bustadområdet. Motsegna vert ikkje avskoren.

Andre tema som vart drøfta :

- N2: SVV meiner det vert svært lite areal att til næringsføremål, etter at utbetring av E16 er gjennomført i samsvar med gjeldande reguleringsplan. Direkte tilkomst til E16 vil berre verte tillate gjennom etablerte kryss. Her vil det verte relativt lang tilkomst til eit lite næringsareal – sjå elles FM si motsegn.
- Gjernes –N29 og R3: SVV peika på konflikt med anleggstrafikk gjennom skule- og bustadområde, jmf drøftinga og uttale frå FM til same område nedanfor.

- B35: Tilkomst til fv. 306 kan vere vanskeleg og må ev. løysast i reguleringa.
- F6: Ikkje trong for motsegn.

Vi viser elles til uttalen av 3.12.14. for ei utfyllande opplysning om SVV sine motsegner og merknader.

Fylkesmannen sin uttale - aktuelle motsegnspunkt

Innleiing

Fylkesmannen v/ Kommunal- og samfunnsplanavdelinga (KSA) var på synfaring og møte med Voss kommune ved plan- og miljøvern sjef, Gunnar Bergo, den 04.11.2014. Frå Fylkesmannen møtte Gudrun Elisabet Stefansdottir og Christian Alstad. Det vart gjeve ein god gjennomgang av kommunen der det vart gjorde greie for ulike grep i planen, og Fylkesmannen fekk høve til å kome med innspel til planarbeidet. Det var særleg fokus på sentrumsutvikling, nye arealføremål og føresegner.

Fylkesmannen har i det følgjande laga ein temavis gjennomgang av planen med konkrete innspel til vidare drøfting med kommunen.

Samfunnsdelen

Samfunnsdelen til kommuneplanen skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon, jf. pbl § 11-2.

Den langsiktige visjonen for Voss kommune er *Voss – bygd for sterke opplevingar*. Med dette meiner ein at i Voss kan ein få sterke og gode opplevingar anten det gjeld i naturen, innan kulturlivet, på skulen eller i omsorgstenestene. Voss skal vere ein attraktiv kommune i utvikling, der det er lagt til rette for god livskvalitet for alle.

Det overordna målet for rulleringa er at *Voss skal vidareutviklast som eit sterkt og attraktivt region-senter*. Det er laga tolv strategiar for å nå visjonen og det overordna målet, og sju plantema med eigne mål, handlingsprogram og andre tiltak. Dei ulike plantema er:

- Voss kommune som organisasjon
- Miljøvern og berekraftig utvikling
- Levekår for barn og unge
- Levekår for vaksne og eldre
- Næringsutvikling, arbeid og integrering
- Kommunal tilrettelegging og tekniske tenester
- Samferdsle

Det er ikkje gjort store endringar i samfunnsdelen i denne rulleringa. Visjonar, mål, strategiar og tema er dei same som ved førre rullering. Det som er nytt er oppdateringar når det gjeld status og handlingsprogrammet 2015-2018. Fylkesmannen meiner det er eit godt grep å kople inn handlingsdelen til dei konkrete plantema i samfunnsdelen. Vi føreset at samfunnsdelen vert endra ved revidering av handlingsprogrammet.

Samfunnsdelen skal gje føresetnader for arealdelen. Arealdelen har fokus på å fortetting og utvikling av Voss sentrum. Difor meiner Fylkesmannen at samfunnsdelen burde hatt meir fokus på framtidig utbyggingsmønster og fortetting av sentrale område. Utbyggingsmønsteret bør fremje utvikling av kompakte tettstader, redusere transportbehovet og legge til rette for klima- og miljøvennlege transportformer, jf. statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Fylkesmannen kan ikkje sjå at kommuneplanen drøftar korleis talet på gåande, syklende og kollektivreisande skal aukast. Elles finn vi at satsingsområda i samfunnsdelen er i samsvar med rettleiar T-1492, *Kommuneplanprosessen – samfunnsdelen – handlingsdelen*.

I følge samfunnsdelen skal folkehelse leggjast til grunn for alt planleggingsarbeid:

«Innan helse og omsorg er fokus i aukande grad retta mot folkehelsearbeid. Dette er definert som systematisk helsefremjande og førebyggjande arbeid. Helsefremjande tiltak er tiltak som styrker god helse. Førebyggjande tiltak vert sett inn mot faktorar som trugar helsa... Folkehelsearbeidet må følgjast opp i all kommunal aktivitet, ikkje berre i helse- og omsorgssektoren».

Planframlegget har arbeid med folkehelse som ein av strategiane for å kunne nå vedtekne visjonar og overordna mål. Fylkesmannen finn at vurderingane av folkehelseperspektivet i samfunnsdelen er i samsvar med pbl § 3-1.

Arealdelen

Arealdelen til kommuneplanen skal syne hovudtrekka i arealdisponeringa, kva vilkår som gjeld for arealbruken og oppføring av nye tiltak, samt viktige omsyn som må ivaretakast ved disponering av areala, jf. pbl § 11-5. Framlegg til revidert arealdel inneheld planomtale, føresegner, retningsliner og konsekvensutgreiing av ny arealbruk.

Kommentarar og merknader til plankartet

Kommunen har publisert ein ny innsynsportal på www.vossakart.no til offentlig ettersyn. Den syner framlegg til nytt kommuneplankart. Det er eit godt opplysningsverktøy som er tilgjengeleg for ålmenta. Ambisjonsnivået på medverknadsopplegg må tilpassast ressursane til kommunen og kva som er realistisk å gjennomføre. Fylkesmannen er positiv til denne nettbaserte metoden for opplysning / medverknad.

I gjeldande kommuneplan er eit stort område på Bømoen vist utan fastsett arealbruk, og bandlagt med omsynssone i påvente av reguleringsplan. Det er varsla oppstart av områdereguleringsplan for Bømoen, men grensene mellom dei ulike arealføremåla er p.t. ikkje avklart. Då det er ulike synspunkt på kvar grensene bør gå, ønskjer kommunen å vise arealet utan arealføremål, med kvit farge. I følge pbl § 11-5 skal alt areal i kommunen vere dekkja med arealføremål i arealdelen til kommuneplanen. Det går fram av *Nasjonalt produktspesifikasjon for arealplan og digitalt planregister del 1* at det er to unntak frå denne regelen:

«Det ene er der det foreligger innsigelse til plan, jf. kapittel 1.5.1, hvor areal som er unntatt rettsvirkning kan tegnes hvitt. Det andre er der reguleringsplan skal vidareførast uendra,..».

Aktuelle motsegnspunkt:

- *Då det ikkje ligg føre godkjent reguleringsplan for Bømoen, må difor arealdelen vise ein eigna arealkategori.*

Saka vart drøfta. Kommunen tek til etterretning at plankartet må visast i samsvar med *Nasjonalt produktspesifikasjon for arealplan og digitalt planregister* og vil sjå på dette på nytt. Ei mogeleg løysing kan vere å vise det aktuelle området som LNF-område i botn, med tilhøyrande omsynssone for område som skal inngå i framtidig områderegulering.

Konklusjon: Utvida dialog – motsegnsspørsmålet vert teke endeleg stilling til etter at revidert planforslag ligg føre, jf. oppsummeringa nedanfor.

Fylkesmannen har elles, i samråd med kommunen bedt Statens kartverk om å ta ein teknisk gjennomgang av plankartet. Vi har gode erfaringar med slik kontrollsjekk frå t.d. pågåande revisjon av kommuneplanen til Granvin. Vi tek atterhald om at plankartet er teknisk komplett før endeleg godkjenning av kommuneplanen.

Kommentarar til planomtale og KU

Planomtalen, som er på berre ei side, er særskilt kortfatta og svarar i liten grad på korleis nasjonale mål og retningslinjer er ivaretekne. Vi viser her til Rettleiart T-1491, Kommuneplanens arealdel, kap. 1.1.4 som lister opp dei aktuelle lovføresegner, planar og retningslinjer som gjev viktige rammer for arealdelen. Arealdelen skal, i tillegg til å gje rammer for utbygginga i kommunen, òg ivareta nasjonale og regionale interesser, jf. pbl §§ 3-1, 11-1 og 11-5.

Fokusområde ved rulleringa har vore tilgang på sentrumsnære bustadareal og eigna areal for framtidig råstoffutvinning. Fylkesmannen saknar ein meir inngående omtale av desse fokusområda.

Konsekvensvurdering av ny arealbruk

Nye tiltak er konsekvensvurdert på eit overordna nivå. Kap 7.4 inneheld ei samla totalvurdering av dei nye tiltaka. Fylkesmannen meiner at KU-vurderinga bør gjerast meir utfyllande. I følgje forvaltningslova § 17 skal kommunen syte for at planen er best mogleg opplyst før endeleg vedtak.

Dei konsekvensane planframlegget har for endra arealbruk, skal som kjent vurderast i høve til naturmangfaldlova (nml) §§ 7 og 8-12. I den samla vurderinga av ny arealbruk når det gjeld biologisk mangfald står der:

«Planforslaget vil i liten grad medføre tap av biologisk mangfald. Ingen trua el. raudlisteartar er registrert i dei aktuelle områda. Ved nokre av tiltaka kan likevel påfølgjande aktivitet i nærområda verka negativt på sårbare artar.»

Fylkesmannen meiner at rettsprinsippa i nml §§ 8, 9 og 10 om kunnskapsgrunnlaget, føre-var-prinsippet og økosystemtilnærming og samla belastning ikkje er tilstrekkeleg vurdert i planframlegget. Eit døme på tema vi meiner ikkje er godt nok ivareteke, er omsynet til verna vassdrag.

Aktuelle motsegnspunkt:

- *Planomtalen må etter Fylkesmannen sitt syn bli meir tydeleg når det gjeld skildring av formål, hovudinnhald, verknader og kva vurderingar som ligg til grunn for arealpolitikken til kommunen.*
- *Fylkesmannen meiner at konsekvensutgreiinga bør gjennomgåast på nytt og styrkast, særleg når det gjeld dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova.*

Kommunen uttrykte forståing for at planomtalen og KU må arbeidast meir med, for å imøtekomme intensjonen i pbl. § 4-2, jamfør Rettleiart T-1491.

Konklusjon: Det vert teke endeleg stilling til utvida dialog og motsegnsspørsmålet etter at revidert planforslag ligg føre, jf. oppsummeringa nedanfor.

Kommentarar til føresegner til planen

Generell vurdering

Fylkesmannen har vore dialog med Voss kommune med tips og forslag til utforming av planføresegner. Det er likevel ein del forhold og manglar som etter Fylkesmannen sitt syn må utbetrast før endeleg godkjenning av planen.

Fylkesmannen meiner mellom anna at kommunen i utgangspunktet bør vurdere å knyte føresegner til alle arealføremåla på plankartet. Det er til no ikkje knytt føresegner til følgjande føremål som står i teiknforklaringa:

Bygningar og anlegg pbl § 11-7 nr. 1	Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur pbl § 11-7 nr. 2	Grønstruktur pbl § 11-7 nr. 3	Forsvaret pbl § 11-7 nr. 4	Bruk og vern av sjø og vassdrag pbl § 11-7 nr. 6
Bygningar og anlegg	Lufthamn	Friområde	Skytefelt/øvingsområde	Drikkevatn
Sentrumsføremål	Hamn	Park		Naturområde
Forretningar	Parkering	Kombinerte grønstrukturføremål		Friluftsområde
Offentleg eller privat tenesteyting				Kombinerte føremål i sjø
Fritids- og turistføremål				
Næringsbygningar				
Idrettsanlegg				
Andre typar bygningar og anlegg				
Grav- og urnelund				

Det kan på same måten vere til nytte for kommunal sakshandsaming å utarbeide føresegner for gange og sykkel, då kommunen har utarbeidd utkast til sykkelplan. Utkast til sykkelplan ligg som vedlegg til arealdelen. Kommunen bør i tillegg vurdere om det er tenleg med føresegner til naust, sjølv om det ikkje er avsett føremål for naust på plankartet. Dersom ein søknad om naust skulle vere aktuelt å vurdere, kan det vere hensiktsmessig å ha nokre føresetnader å vise til, som t.d. storleik på og utforming av nausta.

Aktuelle motsegnspunkt:

- *Fylkesmannen meiner at mangelen på føresegner knytt til fleire arealføremål/ underføremål gjer planen uføreseieleg for brukarane og det er vanskeleg for andre partar å sjå verknadane av planen. Det gjer den òg mindre eigna som styringsreiskap for kommunen sjølv.*

Kommunen tok merknadane til etterretning og er innstilt på å gå igjennom føresegnene på nytt. Fylkesmannen er open for vidare dialog om dette.

Konklusjon: Utvida dialog – motsegnsspørsmålet vert teke endeleg stilling til etter at revidert planforslag ligg føre, jf. oppsummeringa nedanfor.

Føresegner – konkret vurdering

Følgjande konkrete innspel/ merknader til føresegner som er gjevne vart gjennomgått på møtet:

Bustader - føresegner

Fylkesmannen meiner det ikkje bør opnast for inntil seks bustadeiningar generelt i føresegnene, utan at det vert stilt krav om reguleringsplan. Det er eit lovkrav at det for alle større bygge- og anleggstiltak og andre tiltak som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, jf. pbl. § 12-1, skal utarbeidast reguleringsplan.

Aktuelle motsegnspunkt:

- *Kva som må reknast som større bygge og anleggstiltak må vurderast i kvart einskild tilfelle, når omfanget av tiltaket er klårlagt, jf. lovkommentaren.*
- *Fylkesmannen meiner elles at det må stillast differensierte krav til utforming av bustader i, og utanfor, den definerte sentrumssona, t.d. krav til mønehøgde, uteareal, estetikk, arkitektur, støy, soltilgang, helling, vegetasjon og leikeareal m.v.*

Kommunen tok merknadane til etterretning og er innstilt på å gå igjennom føresegnene på nytt. Fylkesmannen er open for vidare dialog om dette.

Konklusjon: Utvida dialog – motsegnsspørsmålet vert teke endeleg stilling til etter at revidert planforslag ligg føre, jf. oppsummeringa nedanfor.

Fritidsbustad - føresegner

Det må gå tydeleg fram av føresegnene at det ikkje kan oppførast meir enn fire einingar utan at det vert krav om reguleringsplan. Det er eit nasjonalt mål at fritidsbustader vert lokaliserte og utforma med vekt på landskap, miljøverdiar, ressursbruk og estetikk. Det er kommunane som har hovudansvaret for å oppfylle det nasjonale målet. Det bør knytast krav til maksimal storleik og høgde for oppføring av fritidsbustad.

Aktuelle motsegnspunkt:

- *Fylkesmannen meiner føresegnene for fritidsbustader har eit for lågt detaljnivå til å gje tilstrekkeleg avklaring etter lova sine krav og nasjonale/ regionale omsyn som skal liggje til grunn for planlegginga. Vi viser her til døme på føresegner i rettleiar T1450 – Planlegging av fritidsbebyggelse.*

Kommunen tok dette til etterretning og vil vurdere føresegnene på nytt. Fylkesmannen er open for vidare dialog om dette.

Konklusjon: Utvida dialog – motsegnsspørsmålet vert teke endeleg stilling til etter at revidert planforslag ligg føre, jf. oppsummeringa nedanfor.

Campingplassar - føresegner

Føresegnene opnar for at eksisterande campingplassar kan godkjennast som byggesak med situasjonsplan. Gjennom ein planprosess kan ein balansere fleirbruk og vern når det gjeld berørte private og offentlege interesser, jf. pbl § 12-1 andre ledd. Fleire av eksisterande campingplassar utan plan ligg t.d. i tilknytning til verna vassdrag.

Aktuelle motsegnspunkt:

- *Fylkesmannen meiner at det for eksisterande campingplassar er naudsynt med ei forsvarleg planavklaring, også for gjennomføring av eventuelle nye bygge- og anleggstiltak.*

Kommunen tok dette til etterretning og vil vurdere føresegnene på nytt. Fylkesmannen er open for vidare dialog om dette.

Konklusjon: Utvida dialog – motsegnsspørsmålet vert teke endeleg stilling til etter at revidert planforslag ligg føre, jf. oppsummeringa nedanfor.

Råstoffutvinning - føresegner

Tiltak i område avsett til råstoffutvinning utgjør irreversible terrenginngrep, uavhengig av storleiken til området.

Aktuelle motsegnspunkt:

- *Fylkesmannen meiner tiltak i slike område må sikrast ei forsvarleg planavklaring, og at det må stillast krav om ved utarbeiding av reguleringsplan for områda.*

Kommunen tok dette til etterretning og vil vurdere føresegnene på nytt. Fylkesmannen er open for vidare dialog.

Konklusjon: Utvida dialog – motsegnsspørsmålet vert teke endeleg stilling til etter at revidert planforslag ligg føre, jf. oppsummeringa nedanfor.

LNF- føremål - føresegner

Det må etter vårt syn gå klart fram av dei generelle LNF-føresegnene at det ikkje skal byggjast på dyrka mark eller samanhengande innmarksbeite. Det må fastsettast byggekvote for dei ulike LNF-spreidd føremåla. Krav om MUA, BYA og byggehøgde bør også vurderast i LNF-spreidd –føresegnene.

Aktuelle motsegnspunkt:

- *LNF-føresegnene bør endre fokus frå å forklare korleis ein dispenserar frå planen, til å avklare kva som er tillate (omfang og lokalisering) innanfor føremåla.*

Kommunen tok dette til etterretning og vil vurdere føresegnene på nytt. Fylkesmannen er open for vidare dialog.

Konklusjon: Utvida dialog – motsegnsspørsmålet vert teke endeleg stilling til etter at revidert planforslag ligg føre, jf. oppsummeringa nedanfor.

Retningsliner til planen

Retningslinene i kapittel 6 er detaljerte og omfattande. Fylkesmannen er i dialog med kommunen om kva som høyrer til i føresegnene, og kva som høyrer til i planomtalen.

Kommuneplanrettleiaren, T-1491, skildrar korleis arealføremåla bør nyttast saman med føresegner og omsynssoner. Bruken av retningsliner er i hovudsak knytt til omsynssonene på plankartet. Rettleiaren seier likevel at «*det er ikke noe forbud i loven mot at kommunen fortsetter praksis med å gi utfyllende retningslinjer til planen.*» Fylkesmannen ser også at det kan vere tenleg med bruk av retningsliner i ein del samanhengar, men kan ikkje tilrå dette i så utstrakt grad som planframlegget legg opp til.

Aktuelle motsegnspunkt:

- *Retningslinene bør gjennomgåast og det må sortarast i mellom retningsliner og føresegner. Retningslinene, som ikkje har juridisk rettsverknad, må heller ikkje formulerast som absolutte krav.*

Kommunen tok dette til etterretning og vil vurdere føresegnene på nytt. Fylkesmannen er open for vidare dialog om dette.

Konklusjon: Utvida dialog – motsegnsspørsmålet vert teke endeleg stilling til etter at revidert planforslag ligg føre, jf. oppsummeringa nedanfor.

Merknad til ROS-analyse

Det er utarbeidd ein ROS-analyse for ny arealbruk i kommuneplanen, i samsvar med krava i TEK 10. Akseptkriteria er definerte. Det er stilt krav til oppfølging av uakseptabel risiko i føresegnene kap. 2.7. Kommunen har kartlagt potensielle fareområde for skred og flaum. Det er knytt rekkefølgjekrav om at utbygging innanfor sonene ikkje kan skje før området er undersøkt av fagkunnig. Den siste tida har kommunen opplevd store øydeleggingar pga. flaum. Kommunen har lagt 200-års flaum til grunn for kartlegginga. Kommuneplanen bør vurdere om dette er tilstrekkeleg, når vi har kunnskap som tilseier at klimaet vert varmare, våtare og villare i tida som kjem.

Konkrete merknader til arealbruk og tema

Sentrumsutvikling - bakgrunn

Utrekningar viser at det er bustadpotensiale for om lag 7000 nye innbyggjarar i sentrum. Like utanfor sentrum ligg i tillegg Bømoen, der det kan vere aktuelt med opp mot 1000 nye bustader.

Statistisk sentralbyrå sine framskrivingar for Voss kommune fram til år 2040 er 2100 nye innbyggjarar ved middels nasjonal vekst, og 4420 nye innbyggjarar ved høg nasjonal vekst. Sjølv med ein betydeleg kraftigare vekst i folketallet enn det SSB sine prognosar legg opp til, har kommuneplanframlegget nok tomteareal i sentrum til å dekke framtidig folkevekst. Fylkesmannen har løyvd midlar til vidare arbeid med utvikling av Voss sentrum. I brev frå miljøvernministeren 31.08.2012 til fylkesmennene går det mellom anna fram at Fylkesmannen bør «...se til at kommunene i sin kommuneplanlegging lager arealregnskap som avklarar arealreserver og arealbehov til bl.a. boliger og setter opp mål for volum og mønster for utbygginga.»

Det ligg ikkje ved planen eit utfyllande arealrekneskap, men for å forsvare god tilgang på bustadtomter, viser planframlegget til forventa folketalsutvikling i Bergen dei neste ti åra. Fylkesmannen registrerer at dei fleste kommunane i Hordaland forventar å ta sin del av denne veksten. Vi er likevel ikkje trygge på at behovet for alle dei nye bustadformåla er reelt, og saknar såleis ein meir inngående behovsanalyse for framtidig bustadbygging. Totalt er det lagt inn 37 nye område for bustader i planforslaget. 22 av desse er utanfor den definerte sentrumssona.

Sentrumsavgrensinga

Vi er positive til at kommunen legg opp til ein differensiert arealpolitikk med ei definert grense mellom sentrum og omland. Med denne grensa sorterer kommunen i utgangspunktet mellom område der ein ønskjer bustadbygging, og område der ein vil ta vare på landbruksproduksjon og andre verdiar i LNF-områda.

Fylkesmannen meiner likevel at den viste sentrumsgrensa må justerast eit par plassar. Vest for Voss vandreheim dannar grensa ein sirkel ut i Vangsvatnet. Kommunen har opplyst at dette kan verte eit aktuelt areal for massedeponi i samband med framtidige vegprosjekt, som i ettertid kan byggjast ut med sentrumsnære bustader. Kommuneplanen omtalar ikkje dette arealet, og området inngår heller ikkje i konsekvensutgreiinga. Plan for ny E16 mellom Arna og Voss er per i dag i ein tidleg utgreiingsfase (konseptvalutgreiing). Det er ikkje avgjort kvar vegen bør gå, eller kvar deponi bør lokalisert. Fylkesmannen tilrår at kommuneplanen og plan for ny E16 vert to uavhengige planprosessar som ikkje legg føresetnader for kvarandre.

Vi registrerer elles at sentrumsgrensa strekkjer seg relativt høgt opp i lia sør for Vossevangen. Desse områda kan lett bli bilbaserte då reisetida til fots og på sykkel her vil vere klart kortare til sentrum enn frå sentrum.

Aktuelle motsegnspunkt:

- *Sentrumsgrensa bør ikkje definerast med ring ut i Vangsvatnet, då dette kan takast til inntekt for at området er avklart for bustadbygging i kommuneplansamanheng. Det ligg føre manglande omtale / utgreiing.*
- *Fylkesmannen meiner at grensa ikkje bør gå høgare enn Bordalsvegen (gjeld ikkje for sentrumssatellitt) av omsyn til avstand til sentrum, topografi og jordvern. Føremål B60 må difor takast ut.*
- **Konklusjon:** Vi viser her til det som tidlegare er sagt om at planomtalen og konsekvensvurderinga skal arbeidast vidare med. Punkta vil naturleg inngå i den utvida dialogen. Motsegnsspørsmålet vert teke endeleg stilling til etter at revidert planforslag ligg føre, jf. oppsummeringa nedanfor.

Konkret til området B60

Ny arealbruk ligg på dyrka mark innanfor omsynssone for kjerneområde landbruk. B60 ligg i ytterkant av den definerte sentrumssona. Fylkesmannen er ikkje samd i grensesettinga av sentrumsområdet i dette tilfellet. Av omsyn til jordvernet og ettersom sentrumssona bør vurderast på nytt, meiner Fylkesmannen at føremålet må takast ut.

Konklusjon: Kommunen uttrykte forståing for at område B60 bør takast ut og tek dette opp til ny vurdering. Dersom det skjer, ser ikkje Fylkesmannen trong for å fremje motsegn no, jamfør oppsummeringa. Utvida dialog – motsegnsspørsmålet vert teke endeleg stilling til etter at revidert planforslag ligg føre, jf. oppsummeringa nedanfor.

Senterstruktur - bustadbygging

Senterstrukturen i kommunen er i dag i stor grad lokalisert kring Vossevangen. Her ligg eitt region- og kommunesenter, to lokalsentra og eitt nærsenter på ei mils rekke frå Skulestadmoen i nord til Møns-haugen/ Istadmoen i sør. Langs denne aksen vert det i tillegg bygd opp eit nytt nærings/bustadområde på Bømoen.

Fortetting og transformasjon i sentrum framfor spreieing av sentrumsområde er ei nasjonal forventning. Når kommunen legg opp til fem sentre tett inntil kvarandre, vert det ekstra viktig at grensene for utbygging vert oppretthaldne, og kvart senter vert tilrettelagt med naudsynte funksjonar og servicetilbod, for at ikkje transportbehovet skal auke. Fylkesmannen er noko uroa over at kommunen gjennom arealplanen i praksis kan leggje opp til ei uheldig spreieing av sentrum, snarare enn konsentrasjon. Inten-sjonane som skulle liggje til grunn for framtidig bustadutvikling går i mindre grad fram av ny arealbruk på plankartet. Det vil by på utfordringar å fortette i sentrum i kommunen, dersom ein samstundes som ein i for stor grad opnar for utbygging ut i resten av kommunen.

Aktuelle motsegnspunkt:

Ut frå ei vurdering av avstand til kollektivknutepunkt og andre servicefunksjonar som silingskriterium ved gjennomgang av nye bustadområde, er fylkesmannen kritisk til følgjande bustadområda, jf. RPR-BATP.:

- *B6: Fylkesmannen meiner at dette området ikkje naturleg soknar til nærsenteret. Området har i tillegg ein uheldig nærleik til etablert avfallsplass, grustak, flyplass, skytebane og dyrka mark. Det er lagt til rette for 21 bustadeiningar i eit område utanfor sentrum og etablert tettstadsområde. Området ligg heller ikkje nært opptil kollektivknutepunkt eller daglege servicetilbod, som skule og butikkar. Det er etablert avfallsplass, grusuttak, flyplass, skytebane og dyrka mark i nærleiken. Fylkesmannen kan ikkje sjå at ny arealbruk legg til rette for*

gode oppvekst- og levekår, og meiner føremålet opnar for bilbasert utbygging snarare enn reduksjon i transportbehovet. Føremålet må takast ut.

Konklusjon: Kommunen vil vurdere området på nytt. Utvida dialog – motsegnsspørsmålet vert teke endeleg stilling til etter at revidert planforslag ligg føre, jf. oppsummeringa nedanfor.

B7: Planen opnar for ny bustadutbygging langt inne i Dyrvedalen. Dyrvedalen har i dag eit rikt kulturlandskap med store jordbruks- og landbruksverdiar, langt unna kollektivknutepunkt og andre servicefunksjonar. Eksisterande vegtilkomst er av låg standard. Fylkesmannen kan ikkje sjå at bustadutbygging i Dyrvedalen er i samsvar med dei føringar for landbruk eller prinsippet om samordna areal- og transportplanlegging. Føremålet må takast ut.

Kommunen vil vurdere området på nytt. Fylkesmannen vil ikkje sjå heilt vekk frå at det kan etablerast eit mindre felt for bustader i Dyrvedalen, dersom det får ei god plassering når ein tek omsyn til landbruks- og landskapsverdiene. Utvida dialog – motsegnsspørsmålet vert teke endeleg stilling til etter at revidert planforslag ligg føre, jf. oppsummeringa nedanfor.

- *B9 ligg i eit område utanfor sentrum og etablert tettstadsområde. B9 ligg heller ikkje nært opptil kollektivknutepunkt eller daglege servicetilbod som skule og butikkar. Området ligg innanfor omsynssone for kjerneområde landbruk, som er dei områda kommunen sjølv har definert som godt eigna for matproduksjon eller verdifulle område for landbrukets kulturlandskap. Vi kan ikkje sjå at bustadbygging i B9 er i samsvar med dei nasjonale nasjonale føringar for landbruket eller prinsippet om samordna areal- og transportplanlegging. Føremålet må takast ut.*

Konklusjon: Kan sjåast som ei naturleg fortetting i utkanten av kjerneområde – landbruk. Det vert ikkje fremja motsegn, men ein må i ei eventuell regulering ta sikte på ei avgrensa utbygginga med god landskapstilpassing.

- *B14: Dette bustadområdet ligg innanfor 50 meterssona til Lønavatnet. Området utgjer ein buffer til sjø for ålmenta, eksisterande busetnad og biologisk mangfald. Fylkesmannen hadde motsegn til Saue 3 ved førre revisjon av kommuneplanen 2011-2022. Vi kan ikkje sjå at konsekvensvurderinga inneheld nye opplysningar som tilseier at Fylkesmannen bør endre oppfatning av området. Føremålet må takast ut.*

Konklusjon: Kommunen tok innspelet til orientering. Utvida dialog – motsegnsspørsmålet vert teke endeleg stilling til etter at revidert planforslag ligg føre, jf. oppsummeringa nedanfor.

- *B19: Det er her lagt til rette for oppføring av 70 bustader i eit samanhengande landbruksområde utanfor gang- og sykkelavstand til sentrum. Vi meiner føremålet opnar for bilbasert utbygging snarare enn reduksjon i transportbehovet. Fylkesmannen hadde motsegn til Hellesnes bustadfelt ved førre revisjon av kommuneplanen 2011-2022. Vi kan ikkje sjå at konsekvensvurderinga inneheld nye opplysningar som tilseier at Fylkesmannen bør endre oppfatning av området. Føremålet må takast ut.*

Konklusjon: Kommunen tok innspelet til orientering og vil vurdere å ta ut området. Fylkesmannen kan ikkje sjå at utbygging her let seg realisere utan vesentleg konflikt. Motsegna blir fremja.

- *B20: Ny arealbruk ligg relativt langt ute i utmarka, der det frå før ikkje er busetnad. Storleik på nytt arealføremål er også er så lite at det ikkje bør inngå i ein overordna arealplan. Må takast ut.*

Konklusjon: Kommunen tok innspelet til orientering og vurderer å ta feltet ut. Fylkesmannen meiner at utbygging av området ikkje kan realiserast utan vesentleg konflikt. Motsegna blir fremja.

- *B36: Ny arealbruk ligg relativt langt ute i utmarka, utanfor sentrum og etablert tettstads-område. B36 grensar til eit LNF-spreidd-bustad føremål. KSA ser det som naturleg at B36 inngår i eit forlenga LNF-spreidd føremål. Kommuneplanen må stille krav om tal bustadeiningar.*

Konklusjon: Kommunen er samd i at området bør vurderast teke inn i LNF-spreidd. Utvida dialog – motsegnsspørsmålet vert teke endeleg stilling til etter at revidert planforslag ligg føre, jf. oppsummeringa nedanfor.

- *B38: Det vert her opna for ny bustadutbygging langt inne i Dyrvedalen. Dyrvedalen har i dag eit rikt kulturlandskap med store jordbruks- og landbruksverdiar, langt unna kollektivknute-punkt og andre servicefunksjonar. Eksisterande vegtilkomst er av låg standard. KSA kan ikkje sjå at bustadutbygging i Dyrvedalen er i samsvar med nasjonale føringar for landbruk eller prinsippet om samordna areal- og transportplanlegging. Føremålet må takast ut.*

Konklusjon: Kommunen vil vurdere området på nytt. Fylkesmannen ser ikkje bort frå at det kan etablerast eit mindre felt for bustader i Dyrvedalen, dersom det får ei god plassering i høve til landbruks- og landskapsverdiene. Utvida dialog – motsegnsspørsmålet vert teke endeleg stilling til etter at revidert planforslag ligg føre, jf. oppsummeringa nedanfor.

- *B41: Ny arealbruk legg til rette for tolv bustadtomter like ved Bordalen skule. Då kommunen har vedteke å leggje ned skulen, meiner Fylkesmannen at argumenta for å fortette i Bordalen er vesentleg reduserte. Det er åtte km til Gjernes skule og seks km til sentrum og offentlege tenester. Bustadbygging i Bordalen er ikkje i samsvar med prinsippet om samordna areal- og transportplanlegging. B41 opnar for bilbasert utbygging snarare enn reduksjon i transport-behovet. Føremålet må takast ut.*

Konklusjon: Kommunen tok innspelet til orientering. Utvida dialog – motsegnsspørsmålet vert teke endeleg stilling til etter at revidert planforslag ligg føre, jf. oppsummeringa nedanfor.

- *B43: Lokaliseringa av ny arealbruk er ikkje optimal ut i frå eit beredskapsperspektiv. B43 ligg like ved elva Vosso, og nordre del ligg innanfor omsynssone for flaum. Området utgjer ein buffer mot vassdraget og sone med tilgjenge for ålmenta, eksisterande busetnad og biologisk mangfald. Føremålet må takast ut.*

Konklusjon: Dette området vart ikkje diskutert på møtet. Motsegna vert fremja.

Fylkesmannen er elles meir positiv til bustadområda B3, B4 B16, B17 og B35 då desse er lokalisert sentralt i det definerte nærsenteret Istad, særleg dersom etablering av desse bustadfelta kan gjere det berekraftig å starte opp att med daglegvarehandel. Men dersom viktige funksjonar i nærsenteret ikkje let seg halde oppe, bør kommunen vurdere trongen for nokre av desse bustadområda på nytt.

Område for råstoffuttak

Det har vore fokus på å finne område som er eigna for framtidig råstoffutvinning ved denne rulleringa. Det gjeld både for stein og lausmasser. Det er lagt inn fem nye område for råstoffuttak i planframlegget. Kommunen kjenner til og har opplyst at det i dag vert teke ut stein- og grusmassar utan løyve.

Fylkesmannen har vurdert og har i utgangspunktet negative innvendingar til alle dei nye områda for råstoffuttak. Områda er i konflikt med eksisterande bustader, friluftsområde, landbruksverdiar eller

verna vassdrag. Fleire av områda vil ha avrenning til verna vassdrag. Konsekvensane av slik avrenning er ikkje vurdert når det gjeld alle verdiane i Vossavassdraget. Fylkesmannen kan til dømes ikkje sjå at ny arealbruk er i samsvar med kvalitetsnorma for villaks, eller forvaltninga av Vosso som nasjonalt laksevassdrag.

Aktuelle motsegnspunkt:

- *R1: Planlagt tilkomst er via ny landbruksveg frå krysset ved veg til Høyland. Grensar til E16 og Lønaøyane naturreservat. Fylkesmannen fryktar for avrenning frå stein- og grusuttak til naturreservatet og vassdraget. For reservatet gjeld mellom anna følgjande reglar: «All vegetasjon i vatn og på land er freda mot alle former for skade og øydelegging». «Det må ikkje settjast i verk tiltak som kan endre dei naturlege tilhøva, som t.d. ... uttak». Forvaltninga av fredningsforskrifta er lagt til Fylkesmannen i Hordaland. Føremålet må takast ut.*

Konklusjon: Kommunen meiner det kan la seg gjere å få til ei skånsam utvikling av og drift i området, utan at natur- og landskapsverdiane lir vesentleg skade. Fylkesmannen er dermed viljug til vente på eventuell reguleringsplan, før ein tek endeleg stilling til om dette let seg gjere. Vilkåret er då at det vert utarbeidd slik plan og at konsekvensane vert grundig utgreidde.

- *R2: Området ligg vest for eksisterande område for grusstak. Utsnitt av gjeldande kommuneplan syner tydeleg at dette området utgjer ein viktig buffer mot Bømoen på andre sida av elva. Buffersona får auka betydning ved framtidig utvikling av Bømoen. Fylkesmannen meiner at området må takast ut.*

Konklusjon: Kommunen ser på områdeavgrensinga på nytt. 50-m sone mot vassdrag må liggje til grunn. Utvida dialog – motsegnsspørsmålet vert teke endeleg stilling til etter at revidert planforslag ligg føre, jf. oppsummeringa nedanfor.

- *R3: Sjå omtale N29. Området ligg nært eit mykje brukt friluftsområde, etablert bustadområde, barnehage og skule. I følgje ROS-analysen er den uheldige samlokaliseringa uakseptabel. Føremålet må takast ut.*

Konklusjon: Kommunen uttrykte forståing for at den pågåande og planlagde bruken av området kan vere problematisk. Det bør utarbeidast ein eigen plan for heile området Gjernes, før ein tek stilling til framtidig arealbruk. jf. òg SVV sine merknader. Motsegn vert fremja.

- *R4 – ABC: Fylkesmannen sluttar seg til vurderingane til rådmannen om at område A og B må takast ut av omsyn til kulturlandskap og landbruksverdier. Område C skal avklarast nærare i pågåande områdereguleringsplan for Bømoen. Føremåla må takast ut.*

Konklusjon: Kommunen er samd i at føremålet for området bør vurderast på nytt. Utvida dialog – motsegnsspørsmålet vert teke endeleg stilling til etter at revidert planforslag ligg føre, jf. oppsummeringa nedanfor.

- *R5: Dette dreier seg om eit lite område avsett til råstoffutvinning. Fylkesmannen kan ikkje sjå at det er naudsynt med eit så lite areal til føremålet. Vi fryktar for avrenninga til Vossavassdraget, ureininga det vil føre med seg, og konsekvensane for biologisk mangfald. Føremålet må takast ut.*

Konklusjon: Kommunen tok innspelet til orientering. Utvida dialog – motsegnsspørsmålet vert teke endeleg stilling til etter at revidert planforslag ligg føre, jf. oppsummeringa nedanfor.

Fritidsbustad

Det er i 2014 over 3300 fritidsbustader i Voss kommune. Det er i tillegg fleire hundre ledige tomter i kommunen. I Myrkdalen og Bavallen er det tidlegare godkjent planar for totalt 4000 fritidsbustader. I følgje samfunnsdelen skal vidare utbygging i hovudsak skje i regulerte felt.

Planframlegget inneheld om lag 170 nye fritidsbustader, i totalt 21 område. I følgje rettleiar T-1450, *Planlegging av fritidsbebyggelse*, skal overordna utbyggingsmønster avklarast i kommuneplanen. Det framgår i samband med dette at:

«Dette innebærer noe mer enn å tegne inn utbyggingsområder på plankartet. Med utgangspunkt i nasjonale og regionale mål for arealpolitikken, må kommunen utforme sine mål og strategier for hyttebygging i planperioden.»

Fylkesmannen si vurdering – aktuelle motsegnspunkt

Generelt

Fylkesmannen kan ikkje sjå at det er utforma kommunale mål for utvikling av fritidsbustader, korkje i samfunnsdelen eller arealdelen. Vi saknar ei meir inngåande analyse av trongen for framtidige fritidsbustader, og ser ikkje behovet for nye «alpinlandsbyar,» korkje i Raundalen eller Dyrvedalen i løpet av planperioden. Ei eventuell utbygging av desse områda vil i tillegg krevje meir omfattande vurderingar i høve til eksisterande landskaps-, landbruks-, og kulturverdiar, i tillegg til at dei vil krevje opparbeiding av lengre vegstrekningar. Planomtalen bør styrkast på dette punktet.

Følgjande konkrete område/ motsegnspunkt vart elles diskutert på møtet:

- *F24: Innspelet går ut på etablering av 10 nye fritidsbustader i eit nytt område utan vegtilkomst. Det er i gjeldande plan avsett fleire område for fritidsbustad på Vatnaset med ledig kapasitet sør for F24. Føremålet må takast ut.*

Konklusjon: Kommunen uttrykte forståing for innvendingane og vil vurdere saka på nytt. Motsegn vert fremja.

- *F29: Innspelet går ut på etablering av 295 fritidsbustader. Rådmannen tilrår 100. Vi kan ikkje sjå behovet for ein ny «alpinlandsby» på Voss innanfor denne planperioden. Det går fram av saksutgreiinga at det er rikeleg med tilgang på fritidseigedomar i eksisterande felt, sjølv utan utbygging av Solnutane. Fylkesmannen har tidlegare vore negativ til F29 i regionalt planforum og meiner at ei omfattande utbygging i området vil kome i strid med retningslinjer for planlegging av fritidsbusetnad i fjellet, m.a. kva gjeld omsyn til landskap og friluftsliv.*

Konklusjon: Saka vart diskutert. Fylkesmannen har motsegn til framlegget for området. Kommunen vil i det vidare arbeidet med planen vurdere om ei sterkt redusert utbygging (t.d. inntil 50 hytter) kan leggjast inn i planen, nær inntil eksisterande veg og stasjon, på ein måte som mellom anna sikrar landskaps- og friluftsvardiane i området.

- *F37: Storleik på nytt arealføremål er så lite at det ikkje burde inngå i ein overordna plan. I tillegg er området er potensielt rasfarleg og ligg langs ein viktig innfartspor til verdsarvområdet i Nærøysfjorden. Fylkesmannen er samd i vurderingane til rådmannen, og føremålet må takast ut.*

Konklusjon: Kommunen uttrykte forståing for innvendingane og vil vurdere å ta området ut. Motsegn vert fremja.

Andre merknader/ planfaglege råd – fritidsbustader

Fylkesmannen meiner at F4, F6, F8, F9, F15 og F33 er mindre område som ligg som satellittar i LNF-område. Her bør føremålet LNF-spreidd-fritidsbustad nyttast framfor føremål for fritidsbustad.

«Utgangspunktet for å bruke denne bestemmelsen er at det dreier seg om spredt utbygging, med en åpen karakter. Det kan gis bestemmelser om utforming, og om krav om bebyggelsesplan, for slike områder... Disse virkemidlene bør brukes bevisst for å redusere antall dispensasjonssaker og styre denne type utbygging til egnede områder» jf. Rettleiar T-1450. Ei einskild hytte i eit naturområde legg beslag på eit mykje større område visuelt og bruksmessig. I neste omgang kan den eine hytta verte nytta som grunngeving for å oppnå dispensasjon for fleire.

Næringsområde

I følgje samfunnsdelen har kommunen store utfordringar med omsyn til bruk og tilgang på næringsareal. I arealdelen er det lagt inn sju nye område for næringsføremål. Fylkesmannen er til positiv strategien i samfunnsdelen om å vidareutvikle Skulestadmoen og Palmafossen som næringsområde. Vi vil likevel trekkje fram følgjande:

Aktuelle motsegnspunkt:

- *Når det gjeld N2, ligg området inntil våtmarksområde for vassfugl, det verna Vossavassdraget, og innanfor omsynssona for flaum. Fylkesmannen meiner difor at føremålet må takast ut.*

Konklusjon: Også SVV er kritiske. Kommunen forståing. Motsegn står.

- *Område N27 er i dag disponert av Forsvaret gjennom ein langsiktig leigeavtale. Ny arealbruk bør difor avklarast med Forsvaret.*

Konklusjon: Det ligg føre motsegn frå FB. Kommunen er innstilt på å ta området ut. Motsegn, sjå ovanfor.

- *N29: Fylkesmannen sluttar seg til vurderingane til rådmannen om at N29 ikkje bør settast av til næring, då arealet ligg nært eit mykje brukt friluftsområde, og har tilkomst gjennom eit bustadområde og barnehage. Gjernes skule ligg også i nærleiken.*

Konklusjon: I tillegg til Fylkesmannen sine innvendingar, er også SVV kritiske til dette næringsområdet. Kommunen tok innspela til området til orientering og vil vurdere området på nytt, mellom anna også det bør startast opp ein større planprosess på sikt for heile området. Motsegna vert fremja.

- *N30: Når det gjeld N30, er tiltaket i stor grad etablert, men det meste av nytt næringsføremål ligg likevel på dyrka mark i tilknytning til husdyrparken. Av omsyn til jordvernet bør ikkje heile området settast av til næring. Fylkesmannen kan akseptere at området blir sett av til føremål spreidd næring.*

Konklusjon: Kommunen tok innspelet til orientering og vil vurdere området på nytt. Motsegn vert fremja.

Idrettsområde

I1: Voss Resort ønskjer å utvide alpinanlegget med heis frå Nyaset i Dyrvedalen til Slettafjellsnoten med fleire løypetrasear. Rådmannen stiller krav om utarbeiding av område-reguleringsplan som skal avklare vegtilkomst/vegutbetring, parkering og hyttebygging.

Aktuelt motsegnspunkt:

- *Fylkesmannen meiner konsekvensane eit slikt prosjekt vil utgjere i høve til miljø og samfunn p.t ikkje er tilstrekkeleg avklart. Dyrvedalen har eit rikt kulturlandskap med store jordbruks- og landbruksverdiar. Vi kan ikkje sjå behovet for ein ny «alpin-landsby» på Voss innanfor denne planperioden. Føremålet må takast ut.*

Konklusjon: Kommunen er samd i at arealbruken ikkje er tilfredstillande utgreidd til å kunne ta stilling til forslaget. Fylkesmannen ser på si side føremonene med ei enkel heisløysing for friluftslivet i området. Kommunen vurderer arealbruken på nytt ut frå dette. Motsegn fremja.

I2: Snøscooter-område - Idrettsområde

Det er sett av eit større område, tiltenkt fri snøskuterkjøring, på Hildestveit (I kommunen si over-sending kalla N25).

Det lovmessige utgangspunktet er som kjent at det er forbod mot motorferdsel i utmark jf. motorferdselslova (lom) § 3. Det er etablert visse unntak for nyttekjøring og elles opnar lom § 6 for at kommunestyret i unntakstilfelle kan gje løyve til køyring, dersom søkaren påviser eit særleg behov. Fylkesmannen minner om at sjølv om det aktuelle området vert avsett som idrettsføremål i kommuneplanen, er området framleis å rekne for eit utmarksområde. Det vert altså ikkje endra ved å endre arealføremål i kommuneplankartet.

Når det gjeld eventuell etablering av- og køyring på mindre, avgrensa terrengbaner i utmark, må desse på førehand inngå i reguleringsplan, før det eventuelt kan gjevast løyve i medhald av lom § 6. Det vil då vere snakk om køyring i organiserte former og interessekonfliktar må vere avklara ved planhand-saminga. Det vil vidare gjelde konkurranse- eller treningsbaner som vert disponerte av ein snøscooter-klubb e.l. Det er òg ein føresetnad er at det vil måtte skje ein viss grad av opparbeiding av det aktuelle arealet. Løyve til køyring på baner ut over dette, vil ikkje kunne gjevast med heimel av lom § 6.

I følgje Voss kommune er intensjonen med ny arealbruk i dette høvet knytt til fri køyring i terrenget, og ikkje køyring på bane eller i merka løyper. Fylkesmannen kan ikkje sjå at det finst heimel for å etablere område for eller legalisere denne type skuterkjøring.

- *Føremålet om å etablere eit større området for fri skuterkjøring på Hildestveit, gjennom å setje det av til idrettsføremål saknar lovheimel og er ikkje i samsvar med nasjonale føringar og fylkesmannen meiner at området må takast ut.*

Konklusjon: Saka vart drøfta. Motsegn vert fremja.

Andre råd/ planfaglege merknader til planen

Små bygge-/ bustadområde

Arealdelen er primært eit overordna styringsdokument som skal skape handlingsrom for å gjennomføre tiltak, men ikkje minst styre utviklinga mot ønska samfunnsutvikling. Dei fleste mindre arealbruksendringar på eit par dekar som er viste i kartet, handlar ikkje om god planlegging/areal-

forvaltning, eller definerer kva retning kommunen ønskjer for samfunnet, men er meir som dispensasjonar å rekne. Kommunen bør vurdere om det finst andre løysingar for styrking av grendene enn flekkvis avsetjing av små byggeområde. Det kan til dømes vere betre å sette av eit større bustadområde eller LNF-spreidd-område, med krav om tal bustadeiningar, i staden for å sette av einskildtomter som satellittar med bustadføremål i LNF-område. Alternativet vil vere å ta området ut av planen.

- *Fylkesmannen rår til at kommunen vurderer om det er tenleg å finne alternative løysingar, til dømes bruke LNF-spreidd bustad, med tilhøyrande føresegner om omfang og lokalisering for dei minst, perifere bustadområda. Alternativt kan ein vurdere om trongen for nye bustader kan oppnåast gjennom eventuell oppføring av våningshus for dei innbuarane som er knytt til landbruket.*

Utbygging i konflikt med jordvern

Totalt er omdisponering av dyrka mark og beitemark om lag 115 dekar. Det nasjonale målet for jordvern er at ein på landsbasis ikkje skal omdisponere meir enn 6000 dekar. Kommuneplanframlegget utgjer om lag 2% av dette. Kommunane generelt og Voss som viktig jordbrukskommune har eit klart ansvar for at det nasjonale jordvernmålet vert nådd.

Fylkesmannen har i denne saka vurdert at ein del dyrka mark kan omdisponerast, særleg innanfor sentrumssona, ut frå vektlegging av viktige samfunnsomsyn. Det gjeld for områda B12, B18, B56 og B57. Det er elles fremja motsegn ut frå at jordressursen utgjer ein viktig verdi i og områda N30, R4, B60. Det er nærare omtala ovanfor.

Sjølv om det ikkje er fremja motsegn til alle område med landbruksverdi, rår vi til at kommunen tek ein gjennomgang av slike område i neste fase av planarbeidet.

Det er sett av eit område for framtidig regulering på Bolstadøyri, der føremålet mellom anna vil vere å leggje til rette for ei mindre båthamn, knytt til kommunal eigeidom. I dialogmøtet, oppfatta vi semje om at kommunen vil sikre at dei viktige friluftsliv-, strandsone og landskapsverdiane vil vere viktige premisser for den vidare planlegginga i dette området. Vi vil difor kome attende med konkrete merknader til dette i samband med ein eventuell reguleringsplanprosess.

Oppsummering

Voss kommune har etter Fylkesmannen sitt syn gjort eit omfattande arbeid med kommuneplanen. På ein del punkt, som er drøfta ovanfor, er planforslaget likevel vurdert av statlege styresmakter med motsegnrett som så konfliktfullt i høve til gjeldande statlege føringar for arealforvaltninga at det i utgangspunktet er funne grunnlag for å fremje motsegn. Det er òg peika på ein del formelle manglar ved sjølve planframstillinga. Etter ein nær og utvida dialog i høyringsfasen, oppfattar vi at det er etablert ei god forståing for kva dei statlege innvendingane inneber og korleis dei kan takast vidare og løysast gjennom kommunen sitt arbeid.

Gjennom dialogmøtet har kommunen signalisert at ein vil vurdere på nytt og leggje vekt på dei statlege innvendingane som er presenterte ovanfor og det er opna opp for ei konkret oppfølging av påviste konfliktpunkt, saman med dei aktuelle fagstyresmaktene. Vi oppfattar òg at det var semje om at det vil vere trong for eit nytt ettersyn, etter at kommunen har gjort si vurdering av innspela.

I ein slik situasjon, der kommunen som planstyresmakt i praksis ynskjer å forlenga medverknadsfasen og leggje til rette for eit vidare, utvida samarbeid, jamfør pbl. § 1.4, ser ikkje Fylkesmannen trong for no å ta frå kommunen vedtakskompetansen, gjennom å formell motsegn til alle aktuelle konfliktpunkt. Vi ser i staden i møte eit nytt planframlegg, og vil på bakgrunn av det ta ei ny vurdering av planen si heilskaplege løysing, før det vert teke endeleg stilling til motsegnsspørsmålet på desse punkta.

Det er likevel gjort nokre unntak. Der ein allereie no ser at ei endring i arealbruken vil bli for konfliktfull, har ein ut frå omsynet til tidleg medverknad og framdrifta i prosessen gjort det klart at motsegn er fremja.

For ordens skuld minner vi om at dersom kommunen likevel finn å ville vedta planen, eller konfliktfylte deler av han slik han låg føre ved første ettersyn, utan at det er etablert endeleg semje om konfliktpunkta som er påviste, ber vi om at dei aktuelle styresmaktene og Fylkesmannen vert varsla og at det vert gjeve høve til å vurdere motsegnsspørsmålet og spørsmålet om eventuell avskjering på nytt.

Lukke til med det vidare arbeidet med planen !

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Egil Hauge
prosjektleder

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Forsvarsbygg

Statens Vegvesen - Region Vest

Hordaland fylkeskommune

Postboks 405 Sentrum

Askedalen 4

Postboks 7900

0103 OSLO

6863 Leikanger

5020 Bergen